

## **Forskrift om permisjon frå skulen – Tokke kommune**

**Heimel:** Fastsett av Oppvekstutvalet i Tokke kommune 25.02 – 25 nr. 30 med heimel i lov av 9. juni 2023 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) §2-2 fjerde ledd.

### **§1 Formål og verkeområde**

Det er eit viktig premiss for læring at elevane er til stade i skuletida. Ferie og andre fritidsaktivitetar skal leggast til periodar som er skulefri.

Tokke kommune vil med denne forskrifta regulere i kva for tilfelle elevar kan søkje om permisjon frå skulen. Forskrifta skal bidra til å sikre elevanes rett til grunnskuleutdanning, og syte for lik handsaming i dei tilfella det blir søkt om permisjon.

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulen i Tokke kommune. Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottek grunnskuleopplæring eller opplæringslova kapittel 18.

### **§2 Hovudregel om permisjon**

Permisjon er ikkje ein rettighet for eleven. Permisjon gjev eleven unntak frå plikta til grunnskuleopplæring, og avkortar også retten for eleven til grunnskuleopplæring tilsvarande permisjonstida.

Skulen kan innvilge inntil 10 skuledagar permisjon per skuleår. Permisjon kan berre gjevast om eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Det er føresette som er ansvarleg for å kompensere for den tapte undervisningstida, og følgje opplegg under fråværet som er avtala med skulen.

### **§3 Kven kan søkje permisjon**

Det er berre føresette med foreldreansvar som kan søkje om permisjon på vegne av sitt barn. Når føresette har felles foreldreansvar, men ikkje bur saman, kan den av foreldra som barnet bur fast hjå, søkje om permisjon. Om barnet har delt bustad, må avgjerda om å søkje permisjon bli tatt i fellesskap.

### **§4 Vurdering av permisjonsøknad**

Elevar kan få innvilga inntil 10 dagar permisjon per skuleår om eleven får ein opplæring som samla sett er forsvarleg. Dei 10 dagane kan fordelast over fleire permisjonar. Om føresette tar eleven ut av skulen i meir enn 10 skuledagar samanhengande, skrivast eleven ut av skulen.

I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg, vil det mellom anna bli lagt vekt på;

- a) kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner
- b) elevens faglege måloppnåing
- c) om eleven vil få opplæring i permisjonstida
- d) skulens undervisningsopplegg i skuletida

- e) elevens fráværs- og permisjonshistorikk
- f) kva læringsutbytte eleven elles vil få i permisjonstida

### **§5 Når kan du søkje permisjon**

Når det er forsvarleg etter § 4, kan skulen godkjenne permisjonar til fylgjande arrangement:

- a) Deltaking i sportslege konkurransar
- b) Deltaking på kulturelle arrangement / framføringar
- c) Deltaking på viktige familiearrangement (T. d dåp, konfirmasjon, gravferd, bryllaup eller liknande i nær familie eller nærstående)
- d) Deltaking i politisk og/eller frivillig organisasjonsarbeid

Det vil normalt ikkje bli gjeven permisjon til ferie, men i heilt særskilde tilfelle kan det likevel vera grunnar for og til elevens beste å få reise på ferie.

### **§6 Når kan du ikkje søkje om permisjon**

Sjølv om det er forsvarleg og innanfor permisjonsgrensa på 10 dagar, skal skulen i hovudsak ikkje godkjenne permisjonar på fylgjande tidspunkt:

- a) Fyrste skuleveke i nytt skuleår
- b) Gjennomføring av statlege kartleggingsprøver
- c) Gjennomføring av nasjonale prøver
- d) Leirskule
- e) Eksamen
- f) Seiste halvår av 10. klasse

Søknader om permisjon knytt til hendingar av særleg karakter som dødsfall/gravferd eller liknande, skal likevel godkjennast i periodar nemnt over.

### **§7 Sakshandsaming ved søknad om permisjon**

Permisjonssøknad må sendast i god tid før permisjonen. Er det akutt naudsynt med permisjon, søkjast det så snart som råd. Søknaden sendast skriftleg til rektor via visma.

Ved handsaming av permisjonssøknad føretekk me ein individuell vurdering basert på skjønn. Skulen fattar enkeltvedtak og fylgjer reglane for enkeltvedtak når det blir søkt om permisjon. Mynde til å fatte enkeltvedtak om permisjon er delegert til rektor.

### **§8 Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft 01. august 2025.